



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

6. mars 2023

Nordhordland lensmannsdistrikt
Kvernhusaugane 2
5914 Isdalstø

Melding av ulovleg landbruksveg og masseuttak på gbnr 156/82 Austrheim

Naturvernforbundet Nordhordland vedtok på styremøte 20.02.23 å melda tiltakshavar Odd Haugen, Hoplandssjøen 32, til politiet for brot på Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.

1. I strid med søknad 19.02.19 og løyve datert 15.05.19 er det i Nipevegen gjort store masseuttak som langt overskrider uttaket på 2000 m³ det er søkt om og gitt løyve til. Massane er i hovudsak køyrt vekk frå eigedommen, også dette i strid med løyvet frå landbrukskontoret.

Naturvernforbundet meiner dessutan at landbruksvegen er overdimensjonert og ikkje bygd i vegklasse 7 (traktorveg) slik løyvet set som vilkår.

2. I strid med søknad datert 20.06.20 og løyve datert 07.10.20 er det i forlenging av Nipevegen gjort store masseuttak med utkøyring frå eigedomen. Inngrepet med høge skjeringar er så omfattande at det har store negative konsekvensar for landskapet. Eit samanhengande beiteområde er kløyvd i to. I tillegg representerer tiltaket ein tryggleiksrisiko av di skjeringane er bratte utan naturleg sikring. Tiltaksområdet grenser til bustadfeltet i Heiane.

Naturvernforbundet meiner dessutan at forlenginga av landbruksvegen med store skjeringar er kraftig overdimensjonert og ikkje bygd i vegklasse 7 (traktorveg) slik løyvet set som vilkår.

Naturvernforbundet har heilt sidan tidleg i 2019 varsla munnleg og klaga skriftleg til Austrheim kommune og Landbrukskontoret på dei ulovlege tiltaka, også fordi store delar av landbruksvegane blei bygd heilt utan løyve. Det førte til at kommunen 27.04.20 ga pålegg om stans av anleggsarbeidet med varsel om tvangsmulkt og førelegg. Dei ulovlege anleggsarbeidet har likevel halde fram utan konsekvensar for tiltakshavar.

Seinare sidan mars 2022 har Naturvernforbundet etter tips frå naboar og etter sjølvsyn varsla kommunen heile fem gongar om kontinuerleg ulovleg utkøyring av massar frå tiltaksområdet. Det førte til at kommunen hausten 2022 ga munnleg pålegg om stans av masseuttaket.

Pålegget blei ikkje respektert. Utkøyringa heldt fram. 16.02.23 ga kommunen for andre gong skriftleg pålegg om stans av masseuttaket med varsel om tvangsmulkt og førelegg.

Naturvernforbundet syner elles til oppslag i lokalavisa Strilen 02.03.23. Reportasjen med bilete skulle gje godt innblikk i kva saken dreier seg om og ikkje minst alvorsgraden i lovbrota.

<https://www.strilen.no/nyheiter/i/gE43y5/har-gitt-odd-haugen-paalegg-om-opprydding-og-stans-av-masseuttak>

Naturvernforbundet Nordhordland bed Politiet følgja opp saka med tiltale mot Odd Haugen for vesentlege og forsettlege brot på Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.

Jan Nordø

leiar

Naturvernforbundet Nordhordland